

Ellen Marie Magerøy

# NORSK TRESKURD

DET NORSKE SAMLAGET  
OSLO 1972

## Innhold

	<b>Føreord</b>	7
	<b>Oseberg-skurden</b>	9
	<b>Frå Gokstad til Urnes</b>	34
	<b>Stavkyrkjeskurden i bløming og avbløming</b>	42
	<b>Annan mellomalderskurd i kyrkje og på gard</b>	72
	<b>Renessanse- og bruskbarokktid</b>	99 X
	<b>1700-åra — ny stortid for norsk treskurd</b>	134
	Akanthusbarokken 134. Rocaille og akantusrokoko, nyantikk og levande mellomalder 149	
	<b>Etterspel</b>	175
	<b>Litteratur</b>	178
	<b>Person- og stadnamnregister</b>	184
	<b>Nokre fagord</b>	190

## Renesanse- og bruskbarokktid

Etter reformasjonen (1536) kom det tider da treskurdene til dels vart trengd til sides i kyrkjene. Det galdt å få bort det som minnte mest om den katolske gudstenesta. Dei same kyrkjebygningane vart førebels brukte vidare, men mykje av det typisk katolske inventaret vart fjerna. Ikkje minst var det om å gjera å få bort helgenfigurar som ein før hadde bede til. Ei tid var dei som rådde for kyrkjene hejnt fram biletfiendske og kunstfiendske. Den nye kyrkjeinnreiinga var noktern, mesta utan noko som kan kalla skurd, men det er klårt at det trøngst mykje snikkararbeid til all nyinnreiinga. Prekestolen vart ein viktig del av inventaret, og det kom benker for kyrkjelyden på både sider av ein midtgang i skipet, dessutan pulpiturar (galleri) på stolpar langsmed veggene. Benkene eller kyrkjestolane hadde dører til å lata att (ofte særskilt fine for dei fremste attene). Alt dette var einfelt i byrjinga. Den store altartavla på altaret i koret var gjerne ei katekismetavle med dei ti bedorda, trudomsartiklane, fadervår osfr. Også prekestolane, døypefontane o.a. var ofte prydde med innskrifter. Slik vart kyrkjeinteriøra heilt omskapte i samsvar med

den sentrale plassen forkynninga hadde fått i gudstenesta.

Det er ikkje mykje att av kyrkjeinventar frå 1500-åra. Det som finst, peiker helst i den lei at det gjekk lang tid før snikkarane tok til å pryde verka sine med noko særleg av utskjeringsarbeid. Ei av dei få kyrkjene som har att noko av inventaret frå det første hundreåret etter reformasjonen, er Tingelstad gamle kyrkje på Hadeland. Endeplankane på kyrkjebenkene der har fått «gavlur» og pilastrar, altså reine arkitekturmotiv. Det er slik vi gjerne kan kalle snikkardetaljar, men ikkje treskurd. Dei to S-forma figurane som ligg oppå kvar av gavlane, er likevel eit lite innslag av skurd. Prekestolen, med årstalet 1579, vitnar òg om varsemd når det gjeld prydnad, men noko skurd har han fått, i tillegg til arkitekturmotiva. Han har fire fag (sider), og hjørna er dekte av halvsøyler. På basane og kapitela deira er det skore einfelt bladverk – herre nokre bladspissat med innsnitt. Øvst og nedst ligg det profilhøvla og skorne lister. Faga er delte i ein øvre og ein nedre del. Øvre delen er prydd med våpenskjold og symmetriske ornament i lågt og flatt relief, såkalla flatskurd. (Einfelte flatskurd-

motiv finst på trapperekkverket øg.) Nedre delen har «foldeverk», som høyrer med til dei *seingotiske* snikkarmotiva. Men all dekorasjonen for resten, både på prekestol, benker, pulpitur og døypefont, er i den nye stilen som avløyste gotikken, *renessansestilen*.

I Noreg tok denne stilen til å synne seg i dekorasjonsdetaljar kring den tida da reformasjonen vart gjennomført, men den gotiske stilen heldt lenge fram ved sida av. Likevel plar vi jamit nemne reformasjon og renessanse saman og rekne dei for milestolpar som fortel kvar mellomalderen sluttar og nytida tek til. Renessansen var eigenleg ei rørsle som byrja i Italia meir enn hundre år før reformasjonen. Ho var noko mykje meir enn ein dekorasjonsstil, denne «atterfödinga» (*la renaissance* på fransk). Ei veldig oppblomming i arkitektur og kunst såkte da sine førebilete bakom mellomalderen, i den heidne antikken. Dei nye stilideala vart ikkje minst synlege i bygningar og i skulpturverk, der hellenske og romerske former vart etterlikna. Nå lyt ein nok sei at renessansen vart noko utvatna etter kvart som han breiddde seg vidare ut frå Italia. I Tyskland og Norderlanda vart det t.d. lite av rein renessansearkitektur, og i Noreg, som på reformasjonstida var ein fattig «dansk provins» og fekk lite av ny arkitektur i det hele, var det først og fremst i dekorasjonskunst at renes-

sansen kom til å gjera seg gjeldande.

Arkitekturmotiva på inventaret i Tingelstad gamle kyrkje, pilastrar, halvsoyler, gesimsar og gavltrekautar er slikt som ein møter på steinbygnigar i renessansestil. Symmetrien (dette at to halvdeler er heilt like, som spegelbilete av einannan) er typisk for renessansestilen. Han vart mykje strengare gjennomført enn tidlegare, ikkje berre i dei arkitektoniske snikkarmotiva, men i ornamentikken òg. Det er alt nemnt at prekestolen i Tingelstad har symmetriske flat-skurdornament.

Skurden på Tingelstad-prekestolen og på nokre få prekestolar til frå andre helvta av 1500-åra, der ein finn seingotiske element ved sida av renessansemotiva, fortel berre om byjinga på ein ny dekorativ treskurd, som kom til å breie seg meir og meir og bli rikare og meir mangslungen etter kvart. Da det lei på, vart treskjæren i røynda like naudsynleg for den lutherske kyrkja som han før hadde vore for den katolske.

Renessansestilen kom ikkje til å få innverknad på all treskurd i landet. Det er før nemnt (s. 98) at mellomalderformer, særleg romanske, levde vidare i mykje av den folkelege treskurd langt inn i nyare tid. Skilnaden som alt gjorde seg gjeldande i mellomalderen mellom ein representativ praktskurd og ein meir eimfelt «folkeskurd» (jfr. s. 94), vart større etter kvart. Dette heng saman med

voksteren til byane. Dei gamle byane vart større, og nye vokste fram, i samband med ein aukande handel med utlandet. Norsk fisk og norsk tømmer fekk god avsetnad, og mange tiltakssame utlendingar slo seg ned i landet. Mange slag impulsar kom til dei norske byane, frå Danmark, Tyskland, Nederlanda, og etter kvart frå England og. Den eine stilbåra etter den

andre kunne nå fram til Noreg og setja svip på det som fant av kunsthandverk, jamvel om dei var forseinka når ein samanliknar med utlandet.

Meistrane i dei ulike handverksgrinene i byane slo seg saman i laug. Den etterreformatoriske «laugstida» varte frå 1560-åra til eit godt stykke inn i det 19. hundreåret. Snikkahandverket vart eit eige handverk (skilt frå tømmermannsarbeidet) i andre hälvt av 1500-åra. Som rimeleg er, kunne det vera stor skilnad mellom bygdehandverk og laugshandverk. Det er mykje truleg at inventaret i Tingelstad kyrkje er gjort av ein eller fleire Christiania-snikkayar, og det er påvist likskap med somme danske (vestjyske) arbeid. Renessansemotiva seig nok etter kvart inn i bygdeskurden og somme stader, om ikkje så tidleg. Men vi kan ikkje generalisere så sterkt at vi seier bygdeskurden var romansk og berre byskurden i renessansestil. Bygdeskurden kom ikkje til å utvikle seg likt i dei ymse delar av landet. Det var stor skilnad på kor snøgt han kunne ta opp nye mo-



*Fra Tingelstad gamle kyrkje på Hadeland. Inventaret er i tidleg renessansestil. Prekestolen, som her datera til 1579, har litt skurd i tillegg til dei snikra arkitekturmotiva. Det er våpenshjold og symmetriske ornament i flatskurd (ldgt og flatt relief) i dei øvre feltet, dessutan einfelt bladverk på halvsylekapitela og -basane. Men dei nedre felta er fylte med «foldeværk» som hørde med til dei sentrale snikkarmotivene. Foto Riksantikvaren.*



*Prekestol frå 1589 i Hedrum kyrkje, Vestfold. Ein aukande sans for det plastiske synet seg her både i arkitekturmotiva og i skurden. Det er ein av dei eldste prekestolane vi har med figurmotiv (englehovud, masker, medaljongar med portrett i) og ornamentikk (fruktklasar, rauker) i høgre runda relief. Spylekapitelu er av den korintiske typen med mange voluttar (spiralopprullinger) og mykje bladverk. Foto Riksantikvaren.*

tiv. Og byskurden eller laugskurden fant ikkje berre i byane. Faglærte snikkarar fekk oppgåver i kyrkjene utover landet. I mange høve er det først og fremst inventar i landskyrkjer som kan fortelja om verksemda deira og gje ei aning om korleis dei mest representative arbeida i byane kan ha

sett ut, for byarbeida sjølv er ofte bortkomne.

Prekestolen frå 1589 i Hedrum kyrkje, Vestfold, er ein av dei eldste vi har med figurmotiv og ein meir omfattande bruk av ornamentikk. Han fortel òg om ein veksande sans for det plastiske, som ikkje berre syner seg i det høgre, runda reliefset, men i arkitekturmotiva òg. Dei er mykje meir iaugefallande enn på Tingelstadstolen. Hjørna mellom hovudfeltet har rifla frisoyle (med mykje skurd på kapitéla). Over og under smalfelta er det kraftig profilert listverk med «forkroppningar» (knekkar), og øvst, oppunder dekkplata, ein tannsnittbord.

Det fekk sitt å sei for skurden at t.d. ein prekestol vart bygd som eit stykke arkitektur. Den nye smikkarteknikken med rammeverk og sylinderar verka på same måten. Skurden fekk så å sei plassen sin tilvist (men samstundes avgrensa). Det var tydeleg at sonnige «bygningsdelar» og -felt var særskilt høvelege for utskjeringar. På prekestolen i Hedrum er spylekapitela av den «korintiske» typen med mange voluttar og mykje bladverk (akantus). Median dei øvste smalfelta berre har innskrifter, finn vi meir variert dekorasjon i hovudfeltet og i dei nedre smalfelta. Det er m.a. englehovud, medaljongar med portrett i, dessutan masker, fruktklasar og akantusgreiner, alt i runda relief. Slike motiv kan ein finne att på fleire re-



*Prekestol av Juru, Jelsa kyrkje, Rogaland, frå 1623-25, visstnok laga av Thomas Snekkar. Han har maureskornamentikk i flatskurd i dei øvre og nedre småfelta. I Rogaland, der flat-skurden heldt seg lenge, kan ein finne slike ornamentikk på kyrkjeinventar frå 1620-åra om, medan det før var vanlegare med beslagornamentikk (kassettornamentikk). Denne preike-stolen har framleis beslagornament på konsol-tane oppje og nede, på «fortalane» kring må-larstykkja i horndsfelta og på hengeplataue nedet. Foto Riksantikvaren.*

nessanseverk, men det vart brukt mange andre motiv også. Variasjonen var stor. Forutan flatkurdininker

kan ein nemme bordar av *tuinna band*, vidare *beslag*- eller *kassettverket*, der rektangulære, runde og ovale felt med ulike geometriske motiv har fått ei innramming som kan likne på jarnbeslag, ofte med «naglar» langs kantane. Mauresk- og *kartusj*-ornamentikk var òg ofte brukt. Maureskane var slyngde lineornament av maurisk opphav, medan kartusjane var rammer prydd med voluttar («rullverk») og annan dekorasjon, mykje brukte kring innskrifter, portrett o.a. (Prekestolen på biletet her attmed har både beslag- og maureskornamentikk.) Eit nyare uttrykk både om beslagverk og om kartusjornamentikk er «smykke- og juvelornamentikk» — brukt ofte frå den tanken at både delane eigenleg berre er rammer om edelsteinimitasjonar og etterliknar gullsmedarbeid.

Ikkje alle motiva var i relief. Skolpesnittbordar var ein karakteristisk dekorasjon som kom til å bli mykje omtykt. Skolpesnitta (også kalla negle-smitt) vart skorne med skolpejarn (sjå teikning s. 8). Dei kunne vera stutte eller lange og vart sett saman til bordar og mønster. Skolpesnittmønstra var ein geometrisk snittskurd på same vis som karvesnittmønstra.

I reliefskurden kom ein meir og meir bort frå flata. Det heilt låge reliefet vart avløyst av høgre, skurden vart stendig meir plastisk. Motivskatten vart også med akantus, menneskefigurar, hestar og karyatider. Or-

det *herme* kjem av Hermes, ein av dei greske gudane. Det blir brukt om ein pilaster som øvst endar i menneskeleg overkropp og hovud (sjå bilet s. 107). *Karyatide* (sjå bilet s. 110 og 115) er ein kvinneligur som ber tak, bjelkar o.l. i ein bygning, i staden for søyler eller pilarar. (Særleg kjende er dei seks karyatidene frå dei 5. hundreåret f. Kr. i Erekteiontempel på Akropolis i Athen.) Ein mannsfigur med same funksjon som ei karyatide blir kalla ein *atlant* (av namnet til den kjempeskre segnfiguren Atlas). *Akantusen* hadde òg fått si «atterføding» i Italia under ungrenessansen, men i Norden vart han etter måten lite brukt.

Trass i aukande motivrikdom og plastisitet var dei norske arbeida for det meste einfelte samanlikna med vanlege europeiske renessanseverk. Alle motiva kom til Noreg utafrå, men det var ikkje alltid dei same som vart opptekne i skurden i dei ulike strok av landet. Ein kan tala om ein Bergens-renessanse, ein Stavanger-renessanse og ein Austlands-renessanse, kvar med sine særdrag.

Ei viktig side ved renessanserørsla var dyrkinga av einskildmennesket, personlegdomen. At vi kjenner så mange av namna på renessansekunstnarane, medan vi sjeldan eller aldri veit kven mellomalderkunstnarane var, blir ofte sett i samband med dette nye synet på mennesket. Men når vi her i landet kjenner namna på mange

av kyrkjesnikkarane (som var treskjerarar òg), særleg frå etter 1600, så kjem dette av at vi har kyrkjerekneskapar frå denne tida. Av dei kan ein sjå kva den og den snikkaren har gjort, og kva han fekk for arbeidet. Mange av desse handverkarane var eigenleg utlendingar, og i mange høve veit ein ikkje visst om dei var norske eller utalandske. Men det har vorte vanleg å kalle verka deira norske. Dei høyrer til i norsk kunsthistorie og har hatt sitt å seia som førebilete for andre verk laga her i landet.

Ein av dei tillegaste kyrkjesnikkarane vi veit namnet på, er *Niels Snekker* i Fredrikstad, som laga altartavla i Holm kyrkje (Torsnes), Østfold, i 1618. Det ei ei katekismetavle med lite av ornamental skurd. Men i fleire andre Østfold-kyrkjer finst det altartavler og preikestolar som ein meiner er laga av han, og somme av dei har mykje meir av utskjeringar og skulptur. Preikestolane hans er av liknande type som Hedrum-stolen.

I Stavanger heldt flatskurden seg lengre enn på Austlandet. Ein handverkar som gjorde særskilt mykje til at renessansestilen breidde seg ut i Rogaland-kyrkjene, var *Thomas Snekker*, som laga mykje kyrkjeinventar prydd med skurd. Ei tid brukte han særleg beslagornament. Seinare gjekk han meir over til maureskmotiv i flatskurd. Preikestolen i Jelsa kyrkje, Rogaland, som truleg er laga av han, gjev døme på både desse ornament-

slaga. Ved «stafferingsa» (målinga) av felt med mauneskornamentikk vart det før det meste brukt berre to fargar, så ein sekk ein liknande kontrastverknad som ved intarsiateknikken, som var på moten i Europa på den tida. (Innselling av mønster i treslag av ein annan farge i treflater på møblar.) Det er mogeleg at mauereskmotiva kom inn i flatskurdene ved påverknad frå intarsia-arbeid, dei dei eigenleg høvde betre.

Ein annan kjend snikkar i Rogaland, Lauritz, skar etter kvart (i 1680-åra) mest ranker i flatskurd. Måla billete kom elles til å dominere meir på prekestolar og altartavler i Rogalands-kyrkjene enn skoren ornamentikk.

Nemninga *treskjærar* vart truleg aldri brukt om ein kyrkjesnikkar. Den nye spesialiseringa som førte til ei arbeidsdeling mellom tømmermannen og snikkaren, gjekk i ein viss mon vidare, med di den såkalla «bilthugger» visstnok var ein snikkar med særutdanning og lengre læretid. Nemninga «bilthugger» («biltsnekker» og «biltsnider» vart òg brukt, stava på ulike måtar) kjenner ein frå 1620-åra av i Noreg. Bilthoggarane tok seg nok først og fremst av dei meir skulpturale delane av kyrkjeinventaret, men ein kan ikkje seia heilt visst korleis arbeidsdelinga har vore. Bilthoggarane høyrde òg til i snikkarlauga, kan hende av di dei var først her i landet til å skipa eigne laug. Det vi er vane

med å kalle treskurd, vart dels gjort av snikkarar, dels av bilthoggarar, men det er klårt at korkje alt snikkararbeid eller alt bilthoggararbeid kan kallast skurd. At det i det heile vart bruk for bilthoggarar ved sida av dei vanlege snikkarane, hekk saman med at den plastiske dekorasjonen etter kvart vart ein viktigare del av snikkararbeidet.

På ei tid da renessancesnikkarane i Rogaland ennå nytta flatskurd, fekk den rikare og meir plastiske «seinrenessansen», som gjekk over i barokken, ei rik bløming i Bergen, og derifrå breidde stilene seg vidt ut. Ein leiande snikkar eller bilthoggar frå 1620-åra av laga m.a. ei fin altartavle i Hamre kyrkje, Hordaland, og ei paneling i Stord kyrkje, som kanskje har vore ei galleri-framside (brystuing). Vi veit ikkje namnet hans, berre at han arbeidde for Knud Gyldenstierne, lensherre til Bergenhus, og det er rimeleg å tru at han var frå Danmark. Verka hans er ennå i renessansestil, men det skil seg på fleire måtar ut frå arbeida til dei eldre bergenske kyrkjesnikkarane. Dei har t.d. ikkje den vanlege beslagornamentikken som hadde vore mest brukt før, og jamvel om noko av ornamentikken hans er i flatskurd, er det tydeleg at han var ein meister i dei høgre reliefset og rundskulpturene.

Altartavla i Hamre kyrkje, som har årstalet 1622 og merkjer seg ut som eit særskilt fint stykke «arkitektur», har skoren ornamentikk som òg er



*Detalj av altartavle frå 1622 i Hamre kyrkje, Hordaland. Renessansestavlene hadde ofte ein veng på kvar side, gjerne prydd med einfelte beslagmotiv. At dei var forma som kartusjar (predikamter), som på Hamre-tavla, var noko nyt i Vestlandet da, og meisteven har truleg vore dansk. Vengen er eit godt døme på korleis ein renessansekartusj kunne sjå ut. Dei kunne varierast mykje, men noko som ofte gjekk utt i dei, var opprulla slike som ofte var stukne i zjennom etuannan. Det meste av skurden elles på denne altartavla er flate, symmetriske pålma motiv. Foto Historisk Museum, Bergen.*

einfelte beslagmotiv. Kartusjverket på vengene i Hamre-tavla har sterkt plastiske delar, m.a. opprullingar, som høyrde med til renessansekartusjar, og fruktmotiv.

Brystningen frå Stord kyrkje (med årstalet 1623) er bygd opp i tre høgder som så mange av renessansepreikestolane, med hovudfelt på midten og smalselt oppe og nede. Hermepilastrar på framskytande basar deler hovudfeltet i mindre felt, og i kvart av dei står ein plastisk kvinnefigur under ein storfelt «portalen» som er stifta fast i fyllinga. Portalen har kartusj- og fruktmotiv på både sider. Figurane symboliserer dei kristelige dygdene. Ornamentikken i flatskurd i portalfelta, på pilasterskafta og på basane under pilastrane, er sett saman av rankeelement og maureskelement til symmetriske motiv og liknar dei flata ornamenta på Hamre-tavla.

Det varte ikkje lenge før det plastiske kom til å dominere mykje meir. Den nye stilens, barokken, tok til å

noko utom det vanlege. Dei to vengene og toppstykket har kartusjar, og det meste av skurden elles er flate symmetriske ornament. Vengene, ein på kvar side, var vanlege på altartavler tidlegare òg, men dei var for dei meste smalare og var prydde med

gjera seg gjeldande, og det er ikkje alltid lett å avgjera om eit snikkar- eller bilthoggarverk er laga i seinrenessanse- eller tidleg barokkstil. Eit hovudverk i den plastiske stilen var dei storlagde inventaret i *Borgund* kyrkje på Sunnmøre, frå 1630-åra. Her var både altartavle, prekestol, døypefont med himling, ei lang galleri-framsida og to epitaf (minnetavler), alt saman av eik og med ei mengd utskjeringar. Alt gjekk tapt ved ein brann i 1904. Det finst fotoografi, men dei er ikkje heilt klare, og kan berre gje ei aning om rikdomen og kvaliteten i skurden. Harry Fett, som sjølv såg Borgund-inventaret føre brannen, seier (1911):

«Jeg kjender, i hvert tilfælde her i landet, intet arbeide fra det 17. aarhundrede som i fylde og fantasi kunde maale sig med dette. — — —

Altartavlen var et vældigt smitverk af egetræ, overfyldt med en vrimmel af dekorative led og figurer i alle størrelser og arter, statuer, hei- og lavrelieffer side om side. Rigdommen var saa stor, at den er vanskelig at beskrive. — — — Naar et saadant arbeide kunde utføres ved en mindre vest-

*Brystning av furu og eik, 118 cm høg, frå Stord kyrkje, Hordaland. Historisk Museum, Bergen.*  
Laga i 1621, truleg av den same meisteren som laga altartavla i Hamre kyrkje. I't velt ikkje namnet hans, berre at han arbeidde etter oppdrag frå lensherren, Knud Gyldenstjerne. Brystningen har heilt vore framsida på eit galleri. Han har vore samanlikna med ein portasjearbeid i renessansestil, med dé han er delt opp og pydd på liknande måte. Plastane ber manuale og kruuneloge hermar, og under predportalaue i horudfeltet sitr kruunefigurar som symboliserer dei kristelege dygdene. Medan figurane er plastiske, er ornamentikken i portalfelta og på pilastrar og soklar heilt flatskoren.



landsk kirke vil noko førstaa hvad der blev ødelagt i kirkene ved de store brände i Bergen.»

Om det ikkje er berga noko verk i denne overgangsstilen som kjem opp imot Borgund-inventaret, så kan ein peike på fleire arbeid i same stil både på Vestlandet og andre stader. Mellom dei er altartavla frå Ørskog kyrkje på Sunnmøre. Det blir rekna for mogeleg at ho er laga av *Peter Negelsen*, som tykkjest ha vore det store namnet mellom bilhoggarane på Vestlandet i 1630- og 1640-åra. Han var truleg frå Eckernförde i Schleswig, og elev av ein kjend meister cler. Det har også vore gissa på at han var ein av meistrane for Borgund-inventaret, der to bilhoggarar skal ha arbeidi, men dette kan knapt avgjerast med visse. Altartavla frå Ørskog syner väl korleis skurd og skulptur nå breide seg overalt. Det er nær sagt berre det smale profilerte listverket mellom dei ymse delane av tavla som ikkje er tildekt av ornament og figurar. Tilmed midtbileta, som oftast hadde målarstykke, har her fått figurframstillingar i relief og rundskulptur. Det er bibelske bilete: nattverden i sokkelfeltet, krossfestinga i det nedre hovudfeltet, oppstoda i det øvre. På toppstykket er monogrammet til kong Christian IV utskore, og heilt øvst står Kristus som verdsfrølsaren med jordkloten i handa. Lenger nede står andre figurar (apostlar og St. Laurentius) i friskulptur. Somme står på ge-

simsane, medan andre er plasserte i nisjar eller som hermar på sjølve tavla. Apostelhermane står over masker og fruktmotiv. Englehovud stikk fram over søyler og hermar og på vengene, og i lågare relief finn vi m.a. englar, ranker, blomar og frukter. Og ennå er ikkje nemnt det merkelege «bruskverket», som vi finn både utafor søylebasane nedst, på øvre og nedre vengepar og på toppstykket. Dette er ein ornamentikk som er karakteristisk for den første fasen av barokkskulen. Stortida for «bruskbarokken» her i landet plar ein rekne frå om lag 1640 til om lag 1680, men stilens heldt seg levande heilt til slutten av hundreåret. Bruskmotiva er lett å kjenne att. Dei byggjer knapt på noko førebilete i naturen. Det er heller renessansekartusjane som har vorte omforma. Ein skulle mest tro dei var laga av deig eller leir, rulla og vridde og laga til på dei mest underlege måtar. Eit lite motiv som ofte går att, er ei oval og noko skeiv samaufulling (volutt) som kan minne om eit menneskeleg øyra, og er ei omforming av

*Altartavle av eik og furu, 4 m høg, frå Ørskog kyrkje, Sunnmøre. Historisk Museum, Bergen. Tavla er kan hende laga av den kjende tyskfødde bilhoggaren Peter Negelsen. Hu er eit godt døme på korleis skurd og skulptur breide seg nær sagt overalt på kyrkjeinventar som vart laga i den bergeniske overgangsstilen mellom renessanse og bruskbarokk. Det karakteristiske «bruskverket» er her berre brukt som ei øvre ramme (på venger og toppstykke).*





Fro i Agå kyrkje, Gulbrandsdalen. I inventaret her møtest Austland og Vestland, dersom det er rett, som det har vore ment, at ein Vestlands-meister har stått for det fine bilthoggararbeidet i eit epitaf (ei minnetavle) frå 1632 over Sophia Pedersdotter på veggjen til høgre.

Preikstolen (frå om lag 1635) er noko grovere i skurden, figurane ikkje så elegante. Han blir rekna for eitt av dei mest representative verka i «Christiania-stilen», som var ein overgangsstil, på grensa til barokken, på same måte som «Bergens-stilen». Foto Jorl.

renessansevolutten. «Bruskbuklane», som òg vart mykje brukte, liknar rek-kjer av kuler og gjer sitt til å gje ornamentikken ein ureleg kontur. Det var liksom ikkje grenser meir for kva skjerarane kunne få til i tre. Men dette galdt sjølvsagt først og fremst slike dugande fagfolk som Peter Negelsen.

Borgund- og Ørskog-verka vart førebilete for mykje inventar i Sunnmørs-kyrkjene. Bergens-stilen breiddde seg elles ikkje berre på Vestlandet. Han kom heilt til Nordland, der fleire kyrkjer fekk altartavler frå Bergen.

I ei austlandskyrkje finst det eit lite praktstykke som ser ut soin det er laga av ein vestlandsbilthoggar som arbeidde i Trondheim. Det er eit epitaf frå 1632 i Vågå, over Sophia Pedersdotter. Det er bygt opp i to høgder på same vis som altartavlene, og kring målarstykke og innskrifter har det eit rammeverk med mange utskorne figurar og mykje ornamentikk, m.a. bruskmotiv, alt skore med øvd hand. Rankestenglane i eit smalt horisontalt felt under hovudfeltet har «innhol», halvdel, d.e. ei skolpejarnsrand langsetter, noko som vart mykje brukt på den tida.

I Trøndelag vart horga Austråt ombygd i 1650-åra, og riddersalen og kapellet fekk mykje fint, utskore inventar, truleg laga av Bergens-meistrar og med liknande dekorative element som dei Peter Negelsen brukte. På endeplankane på benkene i kapellet er det dessutan nokre særsvakre

ranker i relief med store blomar. (Stenglane har skolpejarnsrender her òg.)

Elles vart det bygt mange nye kyrkjer i 1600-åra, ikkje berre i dei nye byane, men på bygdene òg, der mange av dei gamle kyrkjene etter kvart forførst eller brann. Derved skulle innreiinga òg fornyast, og det var ikkje få kyrkjer kring i heile landet som fekk inventar med skurd i dei nye stilane.

I overgangstida var bruskverket ennå berre som ei innramming av den andre dekorasjonen. Seinare breiddde det seg mykje meir i mange høve. Det vart òg laga profane praktmøblar, som skåp, kister og senger i den same plastiske stilen. Det syner at bilthoggarane ikke berre fekk kyrkjelege oppgåver.

Frå tida før den fullt utvikla bruskarokk-stilen slo igjennom kan òg nemnast at det vart mykje snikkar- og bilthoggararbeid å gjera i den nye byen Christiania, og ved nyinnreiinga på Akershus festning, der både norske, danske, nederlandske og tyske handverkarar arbeidde. Ein kjend bilthoggar var *Johan Reinholdt* (d. 1664), som skal ha arbeidt på Akershus og i mange kyrkjer på Austlandet. Han har truleg laga prekestolen i Stange kyrkje, Hedmark, og altartavla frå 1633 i Ullensaker kyrkje, Akershus, som har etter måten mykje ornamentikk. På stilistisk grunnlag har det vore gissat på at Jo-



Endeplankar på kyrkjebenker, med dor inellum, trå 1691, i kapellet på Austråt, Sor-Trondelag. Kyrkjeinventaret og anna utskore innskriftar i borga vart truleg laga av bergenske meistrar. Dei liknig på arbeid av Peter Nicolaisen. Store «levande» rankerokstrar som del nedst på endeplankane, var sjeldsylene på denne tida. Foto Riksantikvaren.

han Reinholdt hadde fått opplæring i Lübeck. Verksemda hans vart avgjørende for utforminga av «Christiania-stilen». Denne stilens var figurrik slik som den bergenske, truleg litt påverka av han også, men for det meste noko meir einfelt. Stilen breiddde seg både sørover og nordover, til byar, bygder og dalar. Preikestolen frå om lag 1635 i Vågå kyrkje er mellom dei beste verka vi kjenner i «Christiania-stilen». Han har ikkje mykje ornamen-tikk med «brusk»-verknad — kartusjane har renessanse-rullverk — men han har ei mengd utskjeringar, både i lågt og høgt relief, dessutan gjennom-brotne ornament og mange figurar i rundskulptur oppå himlingen («lydhimmelen»). Karyatidene mellom hovudfeltet i brystningen på stolen liknar dei nedste hermiane på Ørskog-altartavla, men dei står mest to og to saman (ei og ei på trapperekkeret), som har to hermepilasuar også. Hovudfeltet sjølv er prydd med scenar frå Det nye testamentet. Dei er i relief, opp til om lag 4 cm høgt. Fin og forseggiord verkar skurden på bakveggen, medan ornamenta på lydhimmelen er utruleg mykje grovare. Reint brukverk finst i taket her. Dersom himlingen har vorte til på same tid og er eit verk av han som laga preikestolen, er det tenkjeleg at ornamentformene her er gjorde størrer og grovare av di ein skulle sjå dei på størrre fråstand.

Endeplankane på kyrkjebenkene i

Vågå (berre to uskadde, dei andre sette i stand att ved restaurering) vart truleg utskorne på same tid som preikestolen og kan hende av same meisteren. Nokre figurar på skiljehjelken mellom skipet og koret kan også vera av han. Christiania-bilthoggaren Hans Suante (frå Rostock) er ein av dei som har vore nemnde som mogeleg opphavsmann til desse verka frå 1630-åra i Vågå kyrkje.

Barokkstilen var på mange måtar ei vidareføring av renessansestilen. I den italienske arkitekturen kan ein seia at renessansen var grunnlaget for barokken, og ei heilt utsvarande stilutvikling gjekk føre seg i kyrkjeinventaret. Ikkje berre i den arkitektoniske oppbygginga av t.d. altartavler og preikestolar, men like mykje i den skorne prydnaden deira, kom barokken som ein vokster og ei omforming av noko som sanst på førehand. Ordnet barokk er frå ei seinare tid og vart brukt om stilens i nedsetjande tyding for å karakterisere han som overlest, forvriden og urimeleg. Slik smaken er nå for tida, tykkjer kanskje dei fleste i våre dagar også at barokkverka er prydde på ein overdriven måte, og at dei verkar urolege midt i si glimande prakt. Men dette var nettopp ideallet den gongen. Ein skulle få inntrykk av rørsle, og somme delar av verka skulle framhevast kraftig, enda om det gjekk ut over jam-vekta. I dette stykket skil barokkstilen seg mykje frå renessansestilen, der

ideala var jamvekt, ro, måtchaldi. Jamvel om mange av motiva frå renessanseornamentikken vart brukte vidare under barokken, så vart dei brukte på ein annan måte, og den plastiske verknaden vart viktigare enn nokon gong før. Kraftig motsetnad mellom lys og skugge vart difor karakteristisk for barokkdekorasjonen. (Det kan nemnast at Shetelig brukte ordet «barokk» om den mest plastiske skurden i Osebergfunnet og kalla meisteren for to av slededragna og to av dyrehovudstolpane «barokkmesteren», av di han tykte han fann att hos han noko av dei same stilidealane som hos barokkskjærarane. (Sjå biletene s. 28, 29, 31, 32.)

Ein av dei mest typiske representantane for bruskarokkstilen her i landet var *Anders (Andrew) Smith*, som eigenleg var frå Skottland, men visstnok hadde det meste av læretida si i Bergen, der han truleg var svein hos Peter Negelsen. Det er mogeleg at han var ein av dei to bilthoggarane som laga Borgund-inventaret. Da Stavanger domkyrkje skulle ha ny prekestol i 1658, vart Anders Smith tilkalla for å laga han, og dermed kom det ein heilt ny kunst til Stavanger. Her hadde «snikkar-renessansen» med flatskurd og måla dekorasjon halde seg om lag ubrigda til midten av hundreåret, før barokken tok til å syna seg. Da domkyrkja fekk den nye prekestolen, fekk ho eit praktstykke i barokk stil som det knapt finst sidestyk-




*Lydhimelen over prekestolen i Stavanger domkyrkje, laga av Anders Smith. Foruten ei mengd ornamentale detaljar har denne lydhimmelen særsla mange figurar i friskulptur. Det er englar, apostlar og evangelistar, og heilt øvst står Kristus som rigerherre. Barokkskjærarane laga sjeldan figurar som skulle sta alleine. Dei var delar av ein heilskap og høyrde i hup med ornamentikken ikring. Foto Riksantikvaren.*

ke til i heile landet. Han blir rekna for hovudverket til Anders Smith. Denne bilthoggaren, som var målar og vart verande i Rogaland, og ei mengd kyrkjeinventar og dessutan profane møbler stammar frå verkstaden hans, der han truleg hadde mange i lære.

*Prekestolen i Stavanger domkyrkje er eit av dei mest storfelle barokkverka vi framleis har her i landet. Han er av furu, ber døstalet 1658, og er laga av den skotskfødde bilthoggaren Anders Smith, som truleg hadde vore sværn hos Negelsen i Bergen. Stolen er prydd med ei overveldande mengd av skurd og skulptur. På*

Som ei søyle eller ein atlant står den sterke Samson under prekestolen i Stavanger domkyrkje. Han står på bakkroppen til løva han har nedkjempa, og ber prekestolen på hovudet. Brystningen på stolen er delt på den vanlege måten i tre høgder med hovufelt og to smalfelt, og mellom

biletet er det knapt mogeleg å sjå alle detaljar skikkeleg. Men vi ser at det blir eit skiftande spel av lys og skugge over all denne plastiske dekorasjonen. Dette er heilt i samsvar med det barokke stilideallet. Den store manusfiguren som bei prekestolen på hovudet, er Samson med den overvunne løva. Foto Riksantikvaren.



hovudelta, både på sjølve stolen og på trapperekkverket, står kristelege dygder og erkeenglar. Saman med englehovuda som stikk fram mellom delta både i øyste og nedste høgda, verkar dei som delar av all ornamentikken kring hovudelta. Hovudelta har scenar frå Det gamle og Det nye testamentet, med mange figurar i relief, dei fleste plasserte under bogar borne av karyatider eller «vridne» søyler, medan smalselta har ulike symbol og ornament, også i relief. Ornamentikk ser ein overalt, hengande ned under brystningen, under trappa, på «lydveggene» mellom stolen og lydhimmelen forutan på sjølve brystningen og lydhimmelen. Bruskstilen femnde om mange andre ornamentformer enn berre bruskmotiva. Både figurar, ranker, fruktklasar og blomegirlander høyde med. Men maskene som heng ned under brystningen, er gode domme på dei motiva som har gjeve stilen namn. Maskar var i det heile eit motiv som Anders Smith og dei andre bruskarokkskjærarane brukte særleg mykje. Desse maskene er menneskeandlet som har vorte til ornament. Karakteristisk er den noko flytande overgangen mellom dei og bruskformene ikring. Lydhimmelen òg er rikt utstyrt med skurd og skulptur. Han er mesta som ein pyramide av figurar å sjå til, med Kristus som sigerherre ståande på toppen, englar, apostlar og evangelistar lenger nede. Dei er elles ikkje berre den overvel-

dande mengda av utskjeringar som imponerer på denne prekestolen, men òg den samvitsfulle handsaminga av alle detaljar, som gjer at dei verkar fine og mjuke.

Nest etter prekestolen i Stavanger domkyrkje er nokre storfelte epitaf i Bergen og Stavanger dei mest kjende av dei kyrklege arbeida til Anders Smith. Av profane praktmøblar frå verkstadens hans finst det att ikkje så få, mest skåp, men dessutan kister, delar av senger o.a. Dei er for det meste prydd med liknande bibelske scenar og liknande ornamentikk som dei kyrklege verka hans. Truleg har dei vore måla i mange fargar òg, slik kyrklearbeitene var.

Mellom roskåpa hans er eitt med årstalet 1666 i særskilt god stand. All den skorne dekorasjonen, som er fest med trenaglar, er på plass, berre føtene er borte. Dei forteljande scenane i dei to dørfallingane er høgsendinga til Maria og stallen i Betlehem med Jesusbarnet i krubba. Dei er innramma av «bruskmasker», våpenskjold haldne av englar, og innskrifter. Midtmotivet på toppstykket er den heilage treeininga med skyer ikring, Gud Fader og Kristus på kvar si side av jordkloten, og Den heilage ande over som ei due. Resten av motiva er først og fremst dekorasjon, janvel om nokre kvinnelige figurar har fått attributt (tradisjonelle kjennemerke) som syner at dei er kristelege dygder. Fides (tru) har ein kross, Spes (von) har anker



og due, Caritas (kjærleik) har eitt barn på armen og eitt ståande framfor seg. Dessutan er Justitia (rettferdi) med og held sverd og vektskål. Desse figurane heng i hop med dei andre dekorative elementa, masker, englehovud, fruktglasar og bruskformer.

*Roskåp av eik med døstalet 1666, av Anders Smith. Om lag 151 cm høgt. Vestlandske Kunstmuseum, Bergen. Bilthoggjarane arbeidde ikkje berre for kyrkjene, dei laga møblar for velhaldne borgarar og. Men motiva i skurden var for det meste dei same som på kyrkjeinventaret. Relieffa i dørfløylingane her synes boddseininga til Maria og Betlehemstallen med Jesubarnet i krubba, medan den heilage treeininga er framstelt på toppstykket. Krinnesfigurar på sidene symboliserer dygden, og elles hjelmer vi att dekorative element som englehovud, masker, fruktglasat og bruskformer. Dei to knelande karyatidene nedst ei englar.*

På Vestlandet finst det eit kyrkjeleg praktstykke som ikkje liknar noko anna her i landet – prekestolen frå 1676 i Mariakirka i Bergen. Hau er meir «klassisk» å sjå til enn prekestolen i Stavanger domkyrkje, med di han er mindre overlest med figurar og ornamentikk, medan det arkitektoniske meir er brukt som ein dekorativ verdi i seg sjølv. Vi vit ikkje kven bilthoggaren var, men figurane hans, og ikkje minst ornamentikken, fortel om rutine og fagleg dugleik. Figurane er kristelege dygder og små nakne engleborn, ornamentikken m.a. fritt hangande girlander av greiner med drueglasar og andre frukter. Vinlauv er det mykje av, dessutan bruskbuklar og mange blomar.

Medan Anders Smith var ein stormeister mellom barokksjelerane på Vestlandet, var Johan (Johansen) Bilthugger det mest kjende namnet i Trøndelag. Han arbeidde mykje saman med ein vidgjeten målar, Johan

«Contrafeier», som måla skurden hans i mange fargar. Altartavlene til Johan Bilthugger kan kallast forseinka renessansearbeid. Dei har mykje sylearkitektur og verkar tunge og rolege slik som det meste av det trønderske kyrkjeinventaret frå 1600-åra. Men bruskverk høyde med til dekorasjonen. Det gjer t.d. mykje av seg på vengene på altartavla frå ikring 1650 i Alstadhaug kyrkje, Nord-Trøndelag, det eldste kjende arbeidet av han. Ho har ein merkeleg likskap med arbeid som ein trur kjem frå Johan Reinholdt si hand, så det ser helst ut som Johan Bilthugger var frå Austlandet opphavleg.

Fleire bilthoggjarar i Trondheim kjenner ein namnet på utan å veta kva dei har laga. Truleg har somme av dei gjort kyrkeinventar både i Trøndelag og i Nordland. Meir enn på noko anna inventarstykke i Trøndelag breier bruskornamentikken seg på ein særstak staseleg kyrkjestol, Schultz-stolen i Værnes kyrkje, laga for general Georg Christian v. Schultz og huslyden hans. Stolen er frå sein til, ber årstalet 1685. Her har brusken vorte hovudmotiv. Dei gror likevel ikkje vilt, desse bruskformene. Skjeraren (vi veit ikkje visst kven han var) har halde dei på plass og symmetrisk ordna i kvar sitt felt. Oppdelinga i mange, om lag jamstore felt gjev stolen ein viss renessancesviptrass i dei barokke ornamentformene.

Ein lyt elles seia at skjerarane her

i landet før det meste var måtehaldne når det galdt bruken av sjølve bruskverket. Tyske og danske verk var ofte «overgrødde» på ein helt annan måte. Den store bilthoggaren i Danmark, Abel Schröder, særleg kjend for altartavla og preikestolen frå 1661 i Holmens kyrkje i København, som blir rekna for høgdepunkta i virtuos bruskbarokk i Norden, arbeidde for fleire kyrkjer på Austlandet i Noreg. (Eit døme er altartavla i Vivestad kyrkje, Vestfold.) I verka hans er arkitekturmotiva mest bortgøynde under ei usannsynleg mengd av vifter ornamentikk, som vi ikkje finn maken til hos dei bilthoggjarane vi kaller norske.

Ein leiaande meister på Austlandet i andre helvta av 1600-åra var Christopher Ridder i Christiania (d. 1695). Han laga inventar åt mange kyrkjer både i hovedstaden og langt utafor. Mykje av det er nå øydelagt. Det som er att, fortel om ein bruskbarokkstil med tyngre og grovere former enn t.d. hos Anders Smith. Altartavla i Brevik kyrkje frå 1689 (nå på Norsk Folkemuseum) vart vissutok laga av Christopher Ridder i samarbeid med ein annan bilthoggar (truleg Nils Frantzen Busch). Det er mogeleg at Ridder berre har teke seg av dei ornamentale delane. I alle høve er det eit typisk barokkverk med ei stor mengd av skurd og skulptur, der særleg englehovuda skyt langt fram i rommet. Bruskverket gjer særskilt mykje av seg



på det nedste vengeparet, men kjem elles att mange stader på tavla. Særmerkt for Christopher Ridder når det gjeld bruskverket, er nokre breie bandliknande former med ei rad av skørter tvers over, for det meste bøgefoma. Slike veldig barokktavler vart ihopsett av mange stykke, og på kvart av dei fanst det delar som aman var heilt rundskorne som friskulptur,

*Altartavle med årstalet 1649 i Abstadhaug kyrkje, Nord-Trøndelag. Laga av Johan Rithugger, den mest namsigetne av bilthoggarane nordafrjells. Ein har kalla arbeida hans for forseinka renessansearbrid, men barokke bruskmotiv brukte han ikkje lite. Denne tavla har målarstykke i hovudfeltet (krusfestenga og oppstoða), skorne figurar i sideruksjane (Moses og Johannes døyparen). Foto Riksantikvaren.*

eller skorne i høgt eller lågt relief. Men heilt flati relief, flatskurd, finst



Schultz-stolen, kirkjestaol frå 1685 i Færnes kyrkje, Nord-Trøndelag. På dette praktskilet er bruskornamentikken mest eintydande som ornamentalt motiv, noko som elles er sjeldsynt i barokke bilthoggarverk her i landet, juvel når del lyt reknast med til bruskarokken. Foto Riksantikvaren.

mest ikkje. Som vanleg med barokkverka er Brevik-tavla måla med mange fargar og forgylling, men målinga er nå mykje skadd.

Bilthoggarane arbeidde òg for jarnverka, som i 1600-åra laga stasel-

ge omnar ihopsette av firkanta plater prydde med relief. Desse reliefa var i røynda bilthoggjararbeid, for biltoggjarane skar modellane i tre. Modellane vart brukte til å laga avtrykk med i støypesand, og etterpå kunne forma fyllast med flytande jarn. Ein har døme på at treplata vart nytta om att eiter mange år, med nytt årstal.

Ein bilthogg som laga sær fin omnsrelieff frå 1650-åra av, var den såkalla *Fritzøe-meisteren*, som særleg arbeidde for Fritzøe jarnverk ved Lar-

vik. Vi veit ikkje namnet hans, men han var visstnok den same som ein meister H. G. som i 1662 laga preikestol til Eidsberg kyrkje, saman med Christopher Ridder. Om Ridder òg veit vi at han skar omnsplater for fleire av jarnverka. Motiva var bibelske scenar og kristelege symbol, dessutan våpenskjold o.l., forutan ornament. Bruskverket kjem att her òg, men Ridders bruskornamentikk har jamt ein rolegare verknad i omnsrelieffa hans enn på dei kyrkjelege verka.

På Hedmarka var det ikkje berre Christiania-meistrar som fekk oppdrag i kyrkjene. Mellom bilthoggjarane i andre helvta av 1600-åra var det mange innfødde hedmarkingar. Særleg dugande var *Johannes Larsen*



*Altartavle frå 1689 frå Brevik kyrkje. Norsk Folkemuseum, Høgd 4 m. Truleg laga av den leidende bruskbarokkskjæraren i Christiania, Christopher Ridder, i samarbeid med ein unna bilthoggar visstnok Nils Frantzén Busch. Det er den særmekrte ornamentikken som peikjer mot Ridder. Det «vridnes barokksylene» finn vi her i tre høgder over kvarandre. Vinlambi i relief slenges seg kring det. Scenane i midtselta er uedrafrå: nattverden (på fristykke eller predellaen), så kjem krossfestlinga, gravleggjinga og oppstuva, alle i relief. I sideuinjar står figurar i rundskulptur: Moses og Johannes doyparen på hver side av krossfestinga, Aron og Jørsz orator. Fst i dei to øste vengepara står dei fire evangelistane, og på midten over det øste reliefset Kristus som verdsfrølar (Salvator mundis). Dei merkelege bandliknande bruskformene med tvershører, som vi ser på det nedste vengepauet, finn ein olte hos Ridder.*



Sideplate (langsida) til omu, støpt på Fritze-jernverk ved Larvik etter modell skoren av den såkalla Fritze-meisteren, ein hovudmeister i omushunsten i andre helveta av 1600-åra. Dri- ta sirkelbundne medaljongane i det øvre feltet har bibelske scener i relief. Til venstre: Gud skaper Eva. Til høgre: Hyrdingane tilbed Je-suslæret i krubba. Rundt medaljongane er det brushornamentikk, og øst på midten ein engel. Det nedste feltet har ein bruskverkshor-tusj med innskrifta «Laurvigyn 1679». Plata er 92 x 94 cm, Nationalmuseet, København.

Skråstad, som laga altartavler, preike-stolar, epital o.a. i bruskbarokkstil til ei mengd kyrkjer både i Hedmark og Oppland. Det er ikkje truleg at han hadde full bilthoggarutdanning, men noko opplæring i handverket må han sikkert ha fått.

Føreibile for figurscenane i relief både på kyrkjelege verk, møbler og omilar henta bilthoggarane frå stikk

eller tresnitt i biblar og andre religiøse skrifter. Dei tok elles ofte opp att same motivet i fleire av arbeida sine. I kyrkjene stod dei ikkje særleg fritt når det galdt val av scenar og figurar. Her vart det etter kvart ein fast tradisjon som rakkle, medan motiva på omnane og møblane kunne varierast mykje meir.

I den såkalla *miniatyrplastikken* som var på moten i Europa i 1600-åra, og som mange handverkarar spesialiserte seg på, vart det brukt tre, særleg valbjørk, sorutan elfenbein, horn, rav o.a. Ein av dei mest kjende meistrane her i landet i denne småkunsten hadde etternamnet eller tilnamnet Fanden og var frå Lier. Lenge har ein trutt det var to skjerarar med dette namnet, Halvor og Samuel. Etter dei nyaste etterføringane kan det sjå ut som det er *Samuel Halvorsen Fanden* som har vore kalla Halvor Fanden og. Dersom denne meistren hadde söner i arbeid på verkstaden sijn, veit vi ikkje namna deira. Meisteren arbeidde på Austlandet og var namngjeten for dei utskorne drikkekannene og pokalane sine av valbjørk. Talet på sikre arbeid av han er ikkje stort, men to av dei har signatur og årstala 1663 og 1664. Autåt desse finst det somme som kan vera laga på verkstaden hans, men knapt av han sjølv. Mellom miniatyrskjerarane på Austlandet var truleg også nokre bilthoggarar som arbeidde for jarnverka. Motiva for utskjeringane var

til dels dei same som på altartavler og preikestolar. Ein kjenner att både dei bibelske figurane i arkitektonisk innramming og heile mengda av barokke ornamentmotiv. Elles finn ein t.d. mytologiske scenar, allegoriar, dyr, monogram og våpenskjold – alt skore i lite format, ofte utruleg fint gjort,

*Kanne av valbjørk, 19 cm høg, med reliefpryd i lite format. Kunstmuseet i Oslo. I andre halvdel av 1600-åra, da folk elles hadde slik sans for dei store og svulmende, var slik miniatyrkurd og på moten. Horudmotivet på denne kannen er ta rankestubbar, hvor med to spiralar. Greinene ber både frukter og blomar og steire slag blad. Inn i hvar medaljong er det ein figur: jeger, hund (reef), hare, hund. Relieffet ei for del mestre berre 1–2 mm høgt. Kanna liknat på dei som den mest kjende miniatyrskjeraren, Samuel Halvorsen Fanden, gjorde, men er knapt laga av han sjølv. Det var truleg sokanner som vart etterlikna i tre på denne måten.*



og utan tvil inspirert av gullsmedarbeid.

*Magnus Berg*, som vart slik ein vidgjeten ellenbeinsskjærar, den einaste norskekløide kunstnaren i barokktida som vart namnspurd ute i Europa, var frå Komedal i Hedmark og byrja som treskjærar. Ein pokal av valbjørk som han skal ha skore i 1690 og hatt med seg åt kongen, Christian V, da han fór til København, er eit framifrå fint døme på miniatyrplastikk i tre. Men i stil høyrer denne pokalen meir heime i 1700-åra enn i 1600-åra.

Det er alt nemnt (s. 101) at stilstrøymingane utafrå etter kvart nådde fram til bygdeskurden og. Men det var stor skilnad på bygdeskurden i




*Pokal av valbjørk i gjennombruten skurd, 35 cm høg. De danske Kongers kronoingiske Samling på Rosenborg. Han vart skoren av den kjende ellenbeinsskjæraren Magnus Berg i 1690, og gjeven til kongen, Christian V. Krana post på loket kräler på eit tredobbelts samslyngd kongemonogram som ligg rundt ei forgylt solskule. Det gjennombrutne og plastiske bladverket er elles berrsynt, medan det danske riksvalpenet og kongeportrettet på over- og undersida av det flatte loket er høigøynde. I 1600-åra brukte ein sjeldan så mykje bladverk som prydmotiv, men i 1700-åra vart dette vanleg. Seks allegoriske figurar, bundte saman av blomstergrander og skriftband, står kring sjølve beharen, som er av forgylt sølv. Pokalen er eit høgdepunkt i miniatyrplastikken i tre og syner at Magnus Berg hadde nådd fram til meisterskap alt før han reiste ut i verda for å lære meir.*



*Rostkøp av jern med årtallet 1630. Fra Grungedal, Telemark. Nordiska museet, Stockholm. Nærerande høgd 133 cm. (Kronlist vantar.) Skurden i fyllingane på framsida er merkt av renessansen, og motiva er mange: rankar og andre planteformer i flatskurd, ein vase med blomar, dessutan bestagornament (l. v.) og eit noko maureskliknande «kantelataherornament» (l. h.).*

dei ulike stroka av landet. Mange stader heldt folk fram med å skjera i romansk stil. Særleg var skurden gammaldags i Setesdal og Telemark. Det kan ofte vera vanskeleg å avgjera om møblar med skurd i romansk stil er frå mellomalderen eller frå nyare tid. Ser ein t.d. på ei seng frå Mo i Dalane i Telemark, som ein ofte finn biletet av, eller ei liknande seng frå Nordre Brekke i Morgedal, både med ståande tjukke sideplankar som endar i dyrehovud, og med raukar av seinromansk type med mykje karveskurd i blada, da er ein ikkje i tvil om at dei har mellornaldersvip. (Jfr. t.d. dyrehovudplankar s. 89 og rankeskurden på Tuddal-portalen s. 65.) Likevel kan ein ikkje sjå bort frå at dei kan vera laga etter reformasjonen. Når somme meiner at slike møblar er frå mellomalderen, medan andre tidfester dei til 1600- eller 1700-åra, kan dette tykkjast underleg. Men det syner berre kor vanskeleg det er å datere bygdeskurden. Og når ein t.d. veit at dei i Setesdal heldt fram med å skjera rankesformer i romansk stil heilt til kring 1800, er dette kanskje ikkje så mykje å undrast over. Rett nok var dei særskilt konservative i Setesdal, men inn i andre strok av landet, og dette gjeld ikkje berre treskurden. Innanfor andre kulturgreiner òg var påverknaden frå byen liten her, og gammal tradisjon dess meir seigliv. I skurden var den romanske ranka djupare rotfest enn noko anna ornament.



*Seungeframside av jtru, 170 cm lang. Frå Nordre Brekke i Mørkedal, Telemark. Fylkesmuseet for Telemark og Grenland, Skien. I bygdeskurden levde mellomaldermotiv mange stader vidare i lange tider. Difor er det vanskeleg å tilfeste denne seingå med romanske dyrehorn og ranker med karvesnitt. Somme meiner at ho er laga så sent som i 1600- eller 1700-åra, medan andre heilst trus ha er frå mellomalderen. Det er mogeleg at dei tre delane ho er sett saman av, ikkje har høyr i høg opphavsteg.*

**Ho** kan kallast grunnmotivet i Setesdals-skurden (jfr. s. 171–172).

I Telemark kom det inn meir av nye impulsar. Der vart t.d. renessanseranka i flatskurd mykje brukt, og elles hadde ein både kassett- og maureskmotiv. Eit roskåp frå Grungedal


med årstalet 1698 er eit godt døme på at renessanseornament var i bruk i hygdeskurden. Det var elles stor skilnad på skurden i dei ymse telemarksbygdene. Minne om utruleg mange stilfasar kan ein sjå samla på ein stad på Grimdalen i Skafå, der det finst eit loft frå 1667 med mykje skurd på framsida av svala, både på døra, dørstolpane, veggplankane og hjørnestolpane. Vi finn figurar, «teikna» med innskorne doble konturliner og kleddde slik det var moderne i 1600-åra, renessansemessige skolpe-snittbordar, karveskurdrosettar og -bordar som leier tanken attende til det gotiske masverket, og dessutan ro-

manske rankestubbar og palmettar. Slike utskjeringsar syner at bygdeskjerarane kunne ta opp nye motiv utan å vraka dei gamle og fritt setja eldgammalt motivtillfang saman med nyare til nye mønster. Men ein kan ikkje utan vidare gå ut ifrå at dei berre ville pryde og fortelja. Magiske førestellingar kan òg ha verka med. Dei store figurane på kvar side av beitskiene – brur og brudgom – og mange av dei ornamentale motiva kan ha hatt magiske funksjonar, makt til å verne, attåt den dekorative verknaden.

Frå Numedal, Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen finst det skrin o.a. med utskjeringsar som syner at mellomaldermotiva heldt seg nokså lenge. Men frå slutten av 1600-åra kom somme renessansemotiv i bruk,

ikkje minst ranker i flatskurd. I Gudbrandsdalen var «Lesja-skurden» utbreidd. Han finst på grautspann og særleg på lagga ølkanner med hank og lok. Det vart visst drive produksjon i stor stil av desse kannene. Hovudmotiva i dekorasjonen var einsformige

*Denne teikninga frå 1921 av Johan Meyer syner framsida av svala på eit loft fra 1667 på Grindalen, Skjåså i Telemark. Motiva i skurden her speglar att fleire ulike tidbolkar. Det to store figurane er brudgom og brur, han med hørse i handa, ho med bruskrona på hovudet. I to små figurvernar med Guds hand over ser ein ein mann og ei kvinne som held i ei «plagg» eller «brurkhone», og ei kvinne som skiljer at to karar som vil slåss med sverd eller knivar. Figurane er kledd i drakter frå 1600-åra. Men dei ornamentale motiva minner om eldre tider. Her er ei mengd skolpesmittbardar, dessutan karneskurdrossettar og romanske rankestubbar og palmettar.*



flate og glatte ranker og rankestubar. Dei spiralopprulla grøinene ber blad som for det meste er omlaga til småspiralar eller rundingar på stilk. Flatskurdtradisjonen heldt seg i Gudbrandsdalen langt inn i 1700-åra. Det vitnar t.d. ferdaskrin, kanner og sledar om, der m.a. bandflettingar og blomar vart mykje brukte til motiv ved siden av rankene.

På Vestlandet fekk renessansestilen større innverknad på bygdeskurden enn nokon annan stad i landet. Der var dei fyrt ute med å tilegne seg det nye dekorative formspråket, og dei siste til å sleppe det att, så renessansestilen vart verande bygdestilen i denne landsluten, trass i den rike bruskbarokkbløminga i Bergen og Stavanger. Dette heng truleg sammen med ei økonomisk oppgangstid i 1600-åra, som vart etter måten stuttvarig og vart etterfølgd av trongare tider. Det var særleg dei geometriske motiva dei vestlandske bygdeskjerane valde seg ut frå renessanskurden, medan t.d. ranker vart mindre brukte. Somme av møblane, som t.d. roskåp, vart prydde med einleite beslagmotiv i flat relief, medan mindre bruksting som mangletre, skrin, krus o.l. oftast fekk ornament i karveskurd.

Det er nemnt (s. 92) at ein kjemmer døme frå mellomalderen på ein einfelt skurd «til husbruk». I nyare tid kjem motsetnaden mellom praktskurden og den meir smålåtne heimeskurden tydelegare fram, både av di skilnaden



Fraunkåp av jarru, 181 cm høgt. Frå øvre Telemark, km hende frå Seljord. Norsk Folkemuseum. «Kløverbladranka» i flatskurd var eit kjert motiv i Telemark og vart brukt i over hundre år. På dette kåpet i renessansestil med portalmotiv i døra breier ho seg som det einaste ornamentet i relief. Kåpet har ikkje distal. Det er mest truleg frå andre halvda av 1600-åra.

var større enn før (jfr. s. 101), og av di ein har så mykje meir att av både slaga, så det er lettare å jamføre. Snittskurden, og særleg den geometriske karvensnittornamentikken, som var etter måten lett å få til, høvde godt på dei mindre brukstinga. Som tilleggare nemnt (s. 89–90) har mykje av denne ornamentikken røter i seingotisk tid og byggjer truleg på masverket. Han var utbreidd mange stader i landet i 1600-åra, ikkje berre på Vestlandet. Dei vanlegaste motiva var rosettar av liknande slag som på endeplankane frå Kirkjubø (bilete s. 91). Slike ståande plankar med karveskurd finst det ikke så få av frå bygdene (t.d. digre sengeplankar frå Telemark: «kallhovdar» – dekorerte hjørneplankar ved røykommene – frå Hardanger). Men detaljane i karveskurdrosettane kunne varierast ikkje så lite.

Ser ein bort frå karveskurden, er det likt til at den gotiske stilens fekk lite å seia for bygdearbeida. Jamtover var det renessansestilen og barokken som avløyste den romanske stilens i folkekunsten, i den mon han vart avløyst.

Folkekunsten femner om mange kunstgrinjer forutan treskurd. Sams for dei alle er at dei er konservative. Gamle tradisjonsrike motiv heldt seg gjerne i folkekunsten lenge etter at dei hadde gått av mote i bykunsten. Av dei nye vart det ofte berre valt ut somme detaljar. Det kan elles vera saers vanskeleg å sjå kvar grensa går



Roskåp av furu og eik, 135 cm høgt. Skåpet er kommet til Norsk Folkemuseum frå Elnedal, Voldres, men er truleg til byarbeid. Årstalet 1615 på den øvre døra er visstnok ekte (jamvel om det siste 1-talet ser noko unnleis ut som vanleg på den tida). Renessansestilen gjør seg klart gjeldande både i den markerte oppdelinga med pilastrar og profilerte lister og i alle flatteskurdmotiva. Twuna band (såkalla «tobandsfløtingen») ei det gode dome på på bde dørene og på det to østre pilastrane, medan mellompartiet har beslagverk. Elles finn vi bde bordar av bladlunner, røpenskjold, rosett og hanelabevernament (på den nedste døra), alt saman veikjende renessansemotiv.



Roskap av jurt, 116 cm høgt. Frå Fjær i Sogn. Historisk Museum, Bergen. Renessansestilen var i retande bygdestilen på Vestlandet, og det var først og fremst den geometriske ornamentikken skjerarane brukte. Dette skapet er eit godt døme på vestlandsstilen, med arkitektur, motiv som «portal» og pilastrar, og typiske renessanseornament som bestagverk, trinna bund, skalpesnitthordar og tausnitt. Bordane som liknar skjelrekker, på pilasterkraft, hoge og basar, blir kalla «dukatarnament» eller «neyntband».

mellom bykunst (laugskunst) eller elitekunst og folkekunsten. Ordet folkekunst blir brukt på så ulike måtar at det snautt let seg gjera å finne fram til ein definisjon av det som alle kan vera samde om. Men det kan vera

godt å ha klært for seg kor mykje eller lite ein kan leggje i det når ein talar om treskurd. For somme av dei som har skrive om bygdehandverk, er folkekunst eit trøngt omgrep og tyder heist noko som vart laga av utaglierte (sjølvlærte) bygdefolk til bruk eller pryd i eigen heim. Meir vanleg er det å rekne med til folkekunsten verk som er skapte av bygdehandverkarar eller -kunstnarar òg, folk som hadde spesialisert seg i ei eller anna handverksgrein utan å ha vore svein så og så lenge hos ein laugsmeister, og som fekk oppgåver av bygdefolk eller tilmed av kyrkja. Når ein bygdekunstnar gjekk sterkt inn for det nye og freista å etterlikne laugsarbeid, kunne det nok hende han greiddle det så godt at folkekunstdåmen vart heilt eller mesta borte. I slike høve kan det vera særskilt vanskeleg å veta om det er rett å bruke ordet folkekunst. Ein kan ikkje undraust på at det har vore tala om eit grenseland mellom folkekunsten og laugs- eller elitekunsten. Det kan nemnast at verk av akantusmeisteren Jakob Klukstad blir omtala som folkekunst (sjå s. 11). Det hender òg at ord som t.d. «bondebarokk» blir brukte om kyrkeinventar og møblar laga av utaglierte skjerarar. Elles kan ein sjå både profane og kyrkjelige arbeid omtala som «halvveges folkekunst» eller «noko rustikke». (Rustikk tyder eigenleg «landleg» eller bondsk». ) Eit verk kan vera meir eller mindre rustikt etter som det fjernar



seg meir eller mindre frå den kunsten som er på mote i byané til kvar tid, og etter som arbeidet er uvandt eller fint. Her finst alle mogelege grader og avbrigde.

Arbeida til den såkalla «Eliasmeisteren» (somme trur han var den same som ein bilthoggar Lucas Nielsen Gram frå Trondhjem) er gode døme på Jaugsskurd som likevel verkar rustikk og vitnar om konservatisme. Det finst ei stor mengd att av verka hans, både kyrkjelege og profane, og dei er spreidde vidt, heilt til Nordland, Troms og Finnmark, men dei fleste er i Møre og Romsdal, Trøndelag og Nord-Gudbrandsdalen. Anten han laga ei altartavle eller t.d. ei kiste, prydde denne bilthoggaren verket med utskorne bibelske figurar. Særleg ofte finn ein profeten Elias og kong David. Figurane er ikkje mykje elegante,

*Roskåp av furu fra Værnes, Stjørdal, Nord-Trøndelag. Folkemuseet for Trondheim og Trøndelag. Høgd 110 cm. Skåpet har renessansebordar på listverk og rammer, m. a. «myntband». Det har hatt måla ornament i fyllingane på sidene, men i både dørsvillingane er det plademotiv i relief. Sternglane har ei skålpejarnsand langs eine sida. Dette ser ein oftare i 1600-tåra (jfr. bilet 5. 112). Meir sjeldsynt er det å finne bruskvoluttar rekende på greiner som blad eller blomar, slik som her. «Ertebelgen» på underdøra kan vere ei omtakking av dei handliknande bruskformene med tvertskårer (jfr. bilet 5. 121 og 122). Den store tulipanen nedst høyrer helst heime i «blomebarokken» som gjorde seg gjeldande noko seinare enn bruskbarokken. Så her er mange stilslar sameint.*



Kista frå Lesja, Gudbrandsdalen. Truleg frå kring 1700. (Røsemålinga på loket og dei måla innskjæfene lyt vera nyare.) Nordiska museet, Stockholm. Dette er ei av «Elias-kistene» som vart laga i siste delen av 1600-talet og byrjinga av det neste hundreåret. Vi kjenner mange av dei, særleg frå Møre og Romsdal, Trondelag og Nord-Gudbrandsdal. Alle har bibelske figurscener i runde relief. Særleg ofte finn vi kong David som spelar på harpa si, og profeten Elias i øvdemarka. Ein har kalla skjera-ven «Eliasmeisteren», men det kan ha vært fleire «Eliasmeistrar» som skår i same stil. Dei to scenane på framsida av denne kista er t. v. Elias som får mat av ein engel, t. h. Jesu dyp. Bde stattsidene har bilete av kong David med harpa. Kista har «vidne» barokksøyler, men ikkje noko bruskovert.

men det er tydeleg at dei er i barokk stil, og ofte i sterkt rørsle. «Eliasmeisteren» brukte ikkje så lite av bruskbuklar i altartavlevengene, men det

ser helst ut som han likte runde renessansevoluttar betre enn dei avlange og skeive bruskvoluttane. Planterankene hans er ofte granne og rolege og ser snarare ut som dei hører heime i renessansen enn i barokken. — Ein kan ikkje sjå bort frå at det kan ha vore fleire «Eliasmeistrar» som arbeidde i same stil, for verka vart til over lang tid, innpå førti år.

I den verkelege bygdeskurden (som dei fleste vil rekne for folkekunst og ikkje plassere i det nemnde greuselandet) ser ein ikkje mykje av typisk bruskbarokk. Særleg kan det vera vanskeleg å finne verk frå før 1700 i barokk stil. Ein detalj som bruskvolutten ser det likevel ut som folk har fest seg ved. Han vart oppsatt som eit blad eller ein blome og finst vek-

sande på rankegreiner mellom andre bladformer både her og der, t.d. på skåp og skrin i Nord-Trøndelag, og også på inventar frå bygder mykje lenger sør. Men i det store og heile ser det ut til at bruskbarokken gjorde seg lite gjeldande i bygdeskurden. Han kjendest vel noko framand for dei fleste bygdeskjerarane. På ei tid da dei framleis skar romanske ranker mange stader i landet, og interessa for draketreparen Sigurd Fåvnesbane ennå ikkje var slokna, skal ein kan hende ikkje vente at bruskornamentikk og barokkapostlar skulle kjennast lok-

kande som motiv. Det var stor skilnad på dei tekniske førstemadene òg, difor sjeldan tenkjeleg for bygdeskjerarar å tevla med meir eller mindre virtuose bilthoggarar. Til dette kjem dåt at folk var vane med ranker frå gammalt og hadde lett for å om tolke heile bruskverket til plantornamentikk.

Som vi såg, hadde laugsskurden i renessanse- og bruskbarokktida mange fasar og fasettar. Men skal ein få eit noko på veg fullstendig bilet av treskjeringa i Noreg frå reformasjons-tida og fram til 1700, lyt ein og sjå på bygdeskurden frå denne tidbolken, og da får ein prov for at mellomaldertradisjonen hadde overlevd i denne folkekunsten — i skuggen av dei nye stilane som avløyste kvarandre i laugshandverket.



*Blomebarokken eller «flamsh barokk» var mykje brukt i gullsmedkunsten, mindre i treskurden. Men denne kista frå Gauldal i Sør-Trøndelag gjev eit godt døme på denne stilen med dei store blomane som ofte vakkjest vera i lindes rørste i vinduen. Mellom blomane var tulipanar mykje umylkte som motiv. Kista er av furu, 60 cm lang, og blommemotiva er skorne i høgt relief. Nordiska museet, Stockholm.*